

Styremøte Imsland grendautval

31.03.2025

Møtte: Arne Svandal, Gunnleiv Nybru, Gro Anita Imsland, Edvin Marvik, Silje Skibeavåg

Gjest: Marit Ilstad

## **Sak 1: Trafikksikringsplan**

### **Innspel frå Grendautvalet**

Nå som skulen i Imsland leggst ned er det viktig at kommunen legg til rette for trygg skuleveg for alle ungene som bur i Imsland. Me nevner spesielt behov for sikringstiltak langs FV46, Imslandssjøen, Kvaløyvegen og Ølmedalsvegen.

Grendautvalet ynskjer busstopp med lys og busstur:

- Rønneviksvegen: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 60-sone FV46
- Hustoftvegen: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Hyttebøvegen: bilverkstad mange reisande til og frå for å hente/levere bil, krysingspunkt 80-sone FV46
- Vågafossvegen: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Salia fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Skogen: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Aksland: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Liabøvegen: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Kvaløy: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46
- Saudavegen 4230: fastbuande skuleungar, krysingspunkt 80-sone FV46

Grendautvalet ynskjer gatelys frå kryss FV46 til butikken i Kvaløy . Skuleungar går opp og ned her dagleg. Turgåing og trafikk til og frå hyttefelt og bustader.

Grendautvalet ynskjer gatelys langs FV46 fra nedlagt bensinstasjon til busstopp ved Saudavegen 4230. Unger ferdes her, til og frå leikeplass og Bygdahus.

Grendautvalet ynskjer gatelys langs heile Ølmedalsvegen. Skuleungar nyttar vegen dagleg for å kome på og av bussen. Mange brukar vegen til å gå tur. Mykje brukte krysingspunkt ved campingplass og ved alle bustadar der det bur skuleungar.

Grendautvalet ynskjer gatelys fra busstopp til eksisterende byggefelt i Imslandssjøen. Skuleungar nyttar vegen dagleg og mange brukar vegen til å gå tur.

Grendautvalet ynskjer trygg snuplass for 12-15 meter lang buss i forbindelse med Rønneviksvegen, dette hadde hindra at skuleungane trong reisa til Ropeid for å snu kvar morgon.

Grendautvalet ynskjer ny tilkomst til Imsland Kyrkje via hyttefeltet. Det er vanskelig å komme til med brannbil slik vegen bort til Kyrkja ligg nå. Grendautvalet tenkjer også at trafikk gjennom verneverdig bebyggelse ikkje er optimalt.

Grendautvalet ynskjer vedlikehald av Imslandssjøen. Vegen nedover frå Saudavegen til kaien i Imslandssjøen er smal og utrygg, spesielt for mjuke trafikantar. Fleire gonger dagleg køyrer store lastebilar ned og opp frå fiskeoppdretta ved sjøen. I tillegg er det ein del anna trafikk til hyttebustadar og kyrkja. Det er djupe grøfter langs vegen, og kan vera utfordrande å treffe møtande trafikk, spesielt lastebilar. Ved dei smalaste partia burde vegen vore laga breiare. Rekkverket/autovernet sig ut fleire stadar. I tillegg burde det vore gjerde enkelte stadar ved autovernet, då det er svært bratt ned mot elva.

Silje sender forslag til tiltak til kommunen innen fristen 7. april 2025.

**Sak 2:**

Diskusjon rundt innspela Imsland har til arealplanen til Vindafjord kommune, som nå skal reviderast. Gjennomgang av innspel mottatt på folkemøte 27.03.

Einighet om at Marit Ilstad utarbeider eit høyringssvar og sender Grendautvalet til gjennomlesing.